

---

Saksnr: 2020/48378-3  
Saksbehandlar: Roald Breistein

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

**Oppfølging - Vurdering av ordning for finansiering av friskular****Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet ber om ny status på oppfølging av revisjonsrapport «Vurdering av finansiering av friskular» innan 31.12.2021.
2. Kontrollutvalet merkar seg at oppfølging av denne revisjonen har teke lang tid og at det no snart er 2 år sidan Hordaland fylkesting gjorde vedtak i saka.

**Samandrag**

Revisjonsrapport om vurdering av finansiering av spesialundervisning i friskular har vore følgd opp av kontrollutvala i Hordaland fylkeskommune og Vestland fylkeskommune ved til saman to tidlegare høve, på bakgrunn av vedtak gjort i Hordaland fylkesting 13.06.2019. I denne saka vert kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune invitert til å ta stilling til den tredje oppfølginga av revisjonen.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
seniorråddevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

**Vedlegg**

- 1 Oppfølging - Vurdering av ordning for finansiering av friskular

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Fylkestinget i Hordaland fylkeskommune gjorde slikt vedtak i sak PS 26/19 i møte 13.06.2019:

*På bakgrunn av rapport om vurdering av finansiering av spesialundervisning i friskular ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:*

- 1. Sikre at berekning av «pott» til refusjon av kostnader til spesialundervisning ivaretek krav om likebehandling og krav om at berekninga av midlar til spesialundervisning skal vere relatert til talet elevar med spesialundervisning. I dette ligg det også at det må vurderast om måten å berekne «potten» på er den rette, då noverande berekningsmodell ikkje sikrar likebehandling.*
- 2. Utarbeide skriftlege retningslinjer og rutinar som skildrar modellen som blir nytta, prosessen med berekning av refusjon til skulane, eventuelle kompensierende tiltak mv.*
- 3. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 04.11.2019 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga. Handlingsplanen må også innehalde korleis fylkesrådmannen vil syta for at tilrådingane vert teke omsyn til i arbeidet som pågår med etablering av Vestland fylkeskommune.*
- 4. Fylkesrådmannen gjer ei ny vurdering av innkomne krav for refusjon av utgifter til spesialundervisning i perioden frå fylkeskommunen endra modellen for refusjon av utgifter til spesialundervisning. Gjennomgangen skal gjerast med sikte på å eventuelt tilbakebetale manglande utgiftsdekning for friskolane.*

Denne forvaltningsrevisjonen har vore følgd opp av kontrollutvala i Hordaland fylkeskommune og Vestland fylkeskommune ved til saman to tidlegare høve der det i møte i kontrollutvalet 11.05.2020 vart gjort slikt vedtak:

- 1. Kontrollutvalet har merka seg som positivt at ein sidan sist rapportering er komme noko lenger med forbetningsprosessane når det gjeld rapport om vurdering av finansiering av spesialundervisning i friskular.*
- 2. Kontrollutvalet ber om ny skriftleg status på oppfølging av rapporten for punkta 1, 2 og 3 til møtet i utvalet i november 2020 med frist for levering til sekretariatet innan 04.11.2020.*

Sekretariatet mottok e-post 24.09.2020 frå fylkesdirektør organisasjon og økonomi med m.a. slik innhald:

*«Fylkesrådmannen viser også til frist 04.11.20 for oppfølging av saka om finansiering av friskular. Delar av denne oppfølginga er knytt til innføring av ny budsjettmodell for skulane. Fylkesrådmannen ser at saka om ny budsjettmodell etter alt å døme ikkje vil vere klar for politisk handsaming i fylkestinget før i mars 2021. På denne bakgrunn varslar fylkesrådmannen alt no at det ikkje vil vere mogleg å svare ut alle punkta i oppfølginga til kontrollutvalet primo november. Fylkesrådmannen ber om forståing for dette.»*

Sekretariatet svarte slik på dette i ein e-post 28.09.2020:

*«Vi har forståing for at det har vore eit krevjande år i opplæringsavdelinga så langt grunna m.a. korona pandemien. Vidare er vi samd i at oppfølging finansiering av friskular bør utsetjast til ny budsjettmodell for skulane truleg vert handsama i fylkestinget i mars 2021. På bakgrunn av dette vert det sett slik frist for ny statusrapportering:*

- Oppfølging - Vurdering av ordning for finansiering av friskular - Ny frist 12.04.2021»*

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å følgje opp fylkestinget sine vedtak etter revisjonsrapportar, jf. kommunelova § 23-2, e.

### **Vurderingar og verknader**

Sekretariatet mottok 27.04.2021, etter fleire purringar, vedlagte notat dagsett 16.04.2021 frå fylkesrådmannen. Dette inneheld ny status for oppfølging av denne revisjonen og sekretariatet har merka seg m.a. dette i notatet:

*«Arbeidet med ny finansieringsmodell for spesialundervisning i friskular må sjåast i samanheng med arbeidet med plan for tilpassa opplæring og spesialundervisning i Vestland og tilhøyrande finansieringsmodell.»*

Vidare har vi merka oss at dette arbeidet er vorte skyvd ut i tid og at plan for tilpassa opplæring og spesialundervisning etter planen skal vera ferdig politisk handsama innan utgangen av 2021. Fylkesrådmannen ber difor om å få kome attende med oppfølging av denne revisjonsrapporten til etter det.

Sekretariatet meiner at kontrollutvalet bør seie ja til det, men samstundes merka seg at oppfølging av denne revisjonen har teke lang tid og at det no snart er 2 år sidan Hordaland fylkestinget gjorde vedtaket i høve revisjonsrapport om «Vurdering av finansiering av friskular».

### **Konklusjon**

På bakgrunn av det som går fram over vert det tilrådd at kontrollutvalet ber om ny status på oppfølging av revisjonsrapport «Vurdering av finansiering av friskular» innan 31.12.2021. Vidare vert det tilrådd at kontrollutvalet merkar seg at oppfølging av denne revisjonen har teke lang tid og at det no snart er 2 år sidan Hordaland fylkestinget gjorde vedtak i saka.